

Nr. 6

OKTOBER/NOVEMBER 1994

27. ÅRG.

Festdag i Arna



Då den nye Bjørgvin-bispen Ole D. Hagesæther søndag 25. september i Arna kyrkje ordinerte Geir Øy til presteneste, vart ble det ein storsamling og ein festdag i Arna kyrkjelyd.

Sjå side 8 og 9

Guds kraft til frelse

AV FORSTANDAR ØYVIND ØY

«Eg skjemmest ikkje ved evangeliet.

Det er ei kraft til frelse for

kvar den som trur.»

Rom. 1, 16

Guds rike slo rot i verdensbyen Rom før Paulus kom til byen. Det var nokon som hadde forkynt evangeliet om Jesus Kristus. Kristen tru slo i gjennom i eit miljø med mange religiøse retningar og høgt utvikla filosofisk tenking. I ein by med normløyse og umoral vann kristen tru fram og vart etter kvart den dominerande trua.

Det var mange i samtida som trekte på skuldrane av det som Paulus og dei andre forkynte om at Jesus døydde på eit kors for verdens synd. Men det varte ikkje lenge før budskapet som vart forkynt, skapte tru og gjorde livet nytt i verdensbyen.

Når vi idag møter våre utfordringar, treng vi den same trua på evangeliets skaparkraft. Det er avgjerande viktig for Guds rike at evangeliet om frelse og forlating for syndene kan lyde tydeleg og klart. Her ligg krafta til frelse.

For mange er avangeliet alt som er godt og fint i Bibelen. Det evangeliet som er Guds kraft til frelse, er ordet om korset.

Vi har ein budskap som kan forvandle menneske og som kan forandre samfunn i dag og. Evangeliets skaparkraft har ikkje forandra seg. Kyrkja sitt oppdrag er først og fremst å forkyne denne budskapet, både her i landet og mellom alle folkeslag. Behovet for hjelp i verda er heilt enormt, og det er så mange som roper på vår innsats og vårt engasjement. Ingen ting av dette må hindre oss i forkyne evangeliet om Jesus Kristus. Verda treng Kristus og evangeliets nyskapande kraft.

Det er eit privilegium å forkyne evangeliet.

(Frå «Under Ulriken—, organ for Bergen Diakonissehjem

Pensjonistkor i Arna

I tilknytning til eldresenteret i Arna kyrkjelydshus har vikarierende kantor, Eli-Johanne Rønnekleiv, starta opp pensjonistkor.

Me har øvt nokre torsdagar allereie, og det teiknar til å bli bra.

Me vil med dette få kunngjere at me gjerne tek imot fleire medlemmer, og at øvingsplanen for hausten vidare ser slik ut:

27. oktober, 10. og 24. november, 8. desember. (Altså annakvar torsdag). Kvar øving er etter middagstid på eldresenteret, ca. 1315-1400.

Vår «Debut» vil verte på Joleavslutninga for eldresenteret.

Vil du vere med, så heng på!

Navnelister

Mange kjenner nå til at Ytre Arna fikk overta de gamle navnelistene fra 1899 som fabrikkeier Jørg Jebsen fant på Berger gård. Takkebrevet som følger navnelistene er fra «Arne Fabrikkers befolkning» til Jürg Jebsen som bygde Ytre Arna kyrkje i 1899.

Etterspørselen etter disse navnelistene har vært svært stor, derfor er det nå trykket opp for tredje gang. Det er mange kjente navn på disse listene. Mange mennesker har sett verdien av å få navnene på sine beste- og oldeforeldre fra slutten av forrige århundrede som et fint minne på denne måten. Foruten folk som bor her i Arna, vil det ganske sikkert være av stor interesse for dem som er flyttet ut å få disse listene.

Kyrkjekontoret ønsker nå å sette luttstrek for salget, derfor gjør vi oppmerksom på at vi har fortsatt noen få igjen. Vi regner ikke med å trykke opp flere opplag, derfor må du benytte anledningen å skaffe deg et eksemplar nå. Kan det dessuten være aktuelt med et eksemplar til en utflyttet Arna-bu til jul?

Ring (55 24 85 46) eller kom opp på Ytre Arna kyrkjekontor onsdag eller fredag mellom kl. 10.00-12.00.

Med vennlig hilsen
Trygve Johansen

Gudstjeneste for 1. klasse

1. søndag i advent, den 27 nov, inviteres alle som i høst begynte i 1. klasse til gudstjeneste.

I løpet av gudstjenesten vil vi ta 1. klassingene fram i koret og syng litt med dem og dele ut en plakat med Fadervår på.

Etter gudstjenesten er det kirkekaffe hvor alle 1. klassingene og deres foreldre er spesielt invitert.

Vi ønsker 1 klassingene og deres foreldre/foresatte hjertelig velkommen til både gudstjenesten og til kirkekaffen.

Arna kyrkjelyds dāpsopplæringsutvalg

SNACKS

Når vi er sultne spiser vi mat. Når vi bare har lyst på noe godt, spiser vi snacks. Tenk om de som opplever virkelig sult fikk vite hva slags matvaner vi har.

Postgiro Bankgiro **100**
 **KIRKENS NØDHJELP**

BROD FOR VERDEN 25 ÅR

KRIK-lag i Arna

KRIK Arna er et nytt tilbud for de spreke, og de som ønsker å bli det. Hver onsdag mellom klokken 19 og 21.30 samles ungdommer over 18 år på Garnes ungdomsskole til idrett og andakt. KRIK er forbokstave- ne for Kristen idrettskontakt, som i høst har fått sitt lokallag i Arna.

Kjell Helge Kleppstø fikk ideen om å starte et slikt lag i Arna. Han fikk med seg Bjarte Grøteide og de to luftet ideen blant kamerater. Foreløpig er det rundt 12 ungdommer på samlingene. Og det er plass til flere.

Foreløpig er det et tilbud for ungdommer over 18 år. Denne aldersgrensen er satt fore-

løpig og vil bli vurdert, sammen med det øvrige opplegget, til jul.

Tanken bak den var at det allerede er en- del tilbud til yngre ungdommer i Arna, som for eksempel Ten Sing. Men for eldre ungdommer var det tynnere.

Salingene starter med lett oppvarming. Så veksler det mellom fotball, volleyball, basketball, aerobic og styrketrening. Omtrent midt i treningen er det en andakt på om lag 10 minutter.

Siste helgen i oktober skal 5-6 av ungdommene i KRIK Arna delta på landskonferanse og kurs i Oslo.

**K-FORUM
ARNA**

DET VIDERE PROGRAMMET FOR HØSTEN 1994:

8. nov. «Sorg og håp» v/sykehusprest Liv Ingrid Svæla
6. des. Adventmøte

Alle møter er i kyrkjelydshuset tirsdager kl. 19.30.
K-FORUM er for kvinner i alle aldre.

VELKOMMEN!!!!

Familien Haziraj frå Kosovo



Gjennom tidlegarer omtale i kyrkjelyds- bladet og aviser vil mange huske familien Haziraj frå Kosovo, som sat i kyrkjeasyl i Ytre Arna. Frå oss flytta dei til Montana i Bergen der dei budde i vel 5 mnd., og vart så flytta til Løbergsveien asylmottak på Danmarks plass. Familien har også auka til 5 si- dan dei flytta frå Ytre Arna. I januar fekk dei ein gut.

Vi er nokre i kyrkjelyden som har hatt litt kontakt med dei sidan dei flytta frå Ytre Arna, og vi har besøkt dei. Ein kveld i september inviterte vi familien hit til kyrkjelydshu- set. Vi som var saman med dei hadde ein fin kveld. Dei har no fått opphaldsløye på hu-

manitært grunnlag, og dei har det no bra. Vi som såg korleis fortvilelse og uvisse tok på dei i den tid dei sat i asyl, synest no det er godt å sjå dei glade og fornøgde. Tankane går nok ofte til foreldre og familien i Koso- vo, men slik situasjonen er der no, er dei innstilte på å bli buande i Norge.

Det dei no ynskte var å få ein permanent plass å bu, slik at dei kan finne seg til rette i eit lokalmiljø. Det har og lagt seg til rette no. Like etter at dei var hos oss flytta dei til eige husvære på Nesttun. Her håpar vi dei vil trivast og bli buande.

Igjen vil vi takke alle lag og enkeltperso- nar som hjalp oss i dette arbeidet. Det er godt å sjå at det nyttar å hjelpe.

Konfirmanter i 1944



50-årskonfirmanter i Arna kyrkje. Damene i fremste rekke fra venstre: Klara Reknes, Aud Unneland, Edith Gjerde, Voss, Gunvor Garnes og Helga Erstad. Herrene i bakerste rekke fra venstre: Jørgen Eliassen, Gerhard Thunestveit, Karl Minde, Martin Unneland og Einar Borge.

Å være konfirmant i 1944 var ingen enkel sak for konfirmanten og fammilien, forteller de 10 som for noen uker siden deltok på 50-årsfeiringen av sin konfirmasjon i Kyrkjelydshuset i Indre Arna.

De husker meget godt selve konfirmasjonsdagen. Det var søndag 24. september og det regnet. Presten var Olav Hagesæther. Alle jentene møtte i nasjonaldrakt. Men det lå atskillig slit bak en slik presentasjon. Det var nemlig svært vanskelig å få tak i det som skulle til. Sko var noe av det vanskeligste. Det var å gå rundt blant familie, venner og naboer for å se om det var noe som kunne

lånes. Edith Gjerde forteller at broren hennes skulle prøve å ordne med konfirmasjonssko for henne i Oslo. De kom kvelden før selve konfirmasjonssøndagen.

Ellers var det såkalte fiskesko som var mest brukt. De var laget av fiskeskinn og hadde flere ledd.

Mat var det også vanskelig med. En familie hadde fått tak i en høne og det holdt til de tre gjestene og familien. Gavene som konfirmantene fikk kan neppe sammenlignes med dagens nivå. Det var ofte penger som ble gitt i gave. En av konfirmantene fikk tilsammen 10 kroner.

Atle Roness til Arna

Overlege Atle Roness på Psykiatrisk avdeling ved Haukeland sykehus kjem til Arna onsdag 16. november for å tale på eit temamøte i Kyrkjelydshuset i Indre Arna.

Emnet for møtet er: Glattkøyringskurs for ektepar. Det handlar særleg om kommunikasjonen i ekteskapet. Blant dei spørsmål som vert stilt er om vi tidleg i ekteskapet legger oss til dårlege vaner i kommunikasjonen og at det vert vanskeleg å betra desse seinare.

Det vert også orientering om etablering av ektepargrupper i kyrkjelyden.

Alle er hjarteleg velkomne til møtet, som startar klokken 19.30. Kjenner me det aktive diakoniutvalet i kyrkjelyden rett, vert det både kaffe og anna servering på møtet.

**Tankevekkande
Engasjerande
Nyansert
Oppmuntrande**

BESTILL MEDMENNESKE
GRATIS I EITT ÅR.
- MAGASIN OM
UTFORDRINGAR OG
MULIGHETER I
DEN TREDJE VERDA

**Ring:
22 22 22 99**



**KIRKENS
NØDHJELP**
Sammen for
en rettferdig verden

Festdag med ny biskop og ny prest



Familien Øy på kyrkjetrappa etter ordinasjonen. Frå venstre: Margunn, Hilde og Geir, Gerd, Øyvind, Leidulf og Jostein.

Då den nye Bjørgvin-bispen Ole D. Hagesæther søndag 25. september i Arna kyrkje ordinerte Geir Øy til prestete-



Geir og hans kone Hilde trykte mange hender på ordinasjonsdagen i Arna.

neste, vart ble det ein storsamling og ein festdag i Arna kyrkjelyd. Kyrkja først og Kyrkjelydshuset etterpå var fullsatt av folk som ønsket å møte den nye biskopen og den nye presten og hans familie. Alle har dei sterk tilknytning til Arna.

På kyrkjebakken etter gudsteneste var det mange som handhelsa på bispen og den nye presten og familien hans. Far til Geir Øy, Øyvind Øy, var som kjend sokneprest i Arna i 10 år fra 1979 til 1989. Han tok også del i ordinasjonshandlinga.

Far til den nye bispen, Olav Hagesæther, var prest i Arna i krigsåra. Ole D. Hagesæther vart døypt i Arna kyrkje ein søndag i 1941. Som Bjørgvin-bispen blei Arna kyrkje den første kyrkja han gjorde teneste i og denne ordinasjonen hans første gudsteneste i bispedømmet.

Blant dei mange som helsa på han etter gudstenesta var det ei rad med kvinner som minna han på at dei hadde vore barnepike for han medan faren var prest i Arna.

Biskop Hagesæther sa at dette var ein dag det var knytt sterke følelser til for han og at det hadde vore ei sterk oppleving. At han vart teke så vel imot så han som eit tekn og eit signal for den vidare bispetenesta. Lovsongen og jubelen i kyrkja vil eg ta meg meg vidare ut i tenesta, sa han.

Hagesæther helsa også frå sin far og mor og sa at dei baa er i god form. Særlig far. Han er no 85 år, sa han.

Nokon har spurt meg om eg ikkje har ei kone. Det har eg. Men ho bur framleis i Oslo fordi bispeboligen i Bergen ennå ikkje er klar for innflytting. Eg skal visa ho fram for dykk neste gang eg kjem. Åh, det gler eg meg til, sa Hagesæther.

Geir Øy er no feltprest utenfor Stavanger. Han har fått si utdanning ved Misjonshøgskulen i Stavanger. Det er meininga at han og kona Hilde skal reisa ut som misjonærer til Det fjerne Austen. Geir sa at han hadde vona at han kunne verta ordinert i Arna kyrkja og at Arna kyrkjelyd ville vera sendekyrkjelyd for han. Arna er den kyrkjelyd eg kjenner meg mest knytta til, sa han.

Øyvind Øy sa at dette var ein dag som fylte han med takksemnd, men også med uro fordi eg veit at det er ein vanskeleg veg å gå for ein ung prest. Men samstundes kjenner jeg meg trygg. Og eg er glad over at du har valgt same vegen som meg, sa han til sonen sin. Eg kjenner det omtrent som ein stafettveksling. No spring vi ei tid side om side. Seinare skal du overta åleine.



Kyrkjelydshuset vart fullsatt, men Ruth Dy-røy og Elsa Minde ordna det slik at alle fekk betasuppe. Men etterpå var det ikkje så mykje att i gryta.



Haldor Romslo førde prosesjonen inn i kyrkja.

TAKK

Å, var min sjel av takk så full
som Herrens nåde er meg huld,
da ble det som han ville:
Da ble mitt hjertesukk til sang,
da ble min dag en kirkegang
fra gry til kvelden silde.

P.A. Jensen (frå Bergen) stiftsprovst i Christiania anno 1860.

Med disse orda av ein velvyrd — og i si tid mykje omstridd — kollega vil eg gjerne få seia takk for sju rike år i samver og samarbeid med kyrkjelydane i Bjørgvin. Det er så mange andlet, det er så mange handtrykk, det er så mange gode og venlege ord og minnest. Serleg inntrykk på meg gjorde på den eine sida møtet med alle dei aktive, ansvarsmedvitne, dei som ber kyrkjelivet med truskap i gudstenelyd og arbeidslag, på den andre sida med alle borna og dei unge som fylde kyrkjene (eller gymnastikksalane) ved dei friske, levande skulegudstenestene og har fått vera med på.

Ikkje mindre må eg takka for det som mi kjære Ingunn og eg har møtt av kjærleik og godhug i samband med oppbrotet. Avskilsdagen søndag 28. august vart på ei forunderleg god oppleving med den store og levande gudstenestelyden i Domkyrkja som sjølv høgdepunktet. Likeeins må me få takka for alle venlege helsingar: venlege smil, handtrykk, brev, blomar og gåver. Ein serleg takk til kyrkjelydane for den sams gáva: Eg fekk ei festleg bok bunden i skinn, der kvart einskild prestegjeld hadde medverka med ein rapport i ord og bilete. Noko finare minne frå Bjørgvin-åra kan eg ikkje tenkja meg. Likeeins fekk eg overrekk eit EDB-anlegg som eg veit vil koma til stor nytte. Dei siste åra har eg — takka vere dugelege medarbeidarar her på kontoret — lært elektronisk teksthandsaming godt nok til at eg alt merkar eg har stor nytte av den nye teknologien, og hadde eg ikkje fått denne fine gáva no, hadde eg vore nøydd til å kjøpa inn eit nytt anlegg sjølv.

Sume har spurt meg kvifor det ikkje vart

tale om noko målarstykke med portrett av biskopen til opphenging i Domkyrkja eller noko «pensjonistkross» med kjede som eg kunne bera no eg gjev Johan Nordahl Brun sin bispekross frå 1815 ifrå meg til etterfølgjaren. Til dette er å seia at eg sjølv ville det slikt. Der heng alt eit målarstykke av meg i Domkyrkja frå mi domprosttid, og eg har ikkje vorte så mykje fagrare i mellomtida at det ville gagna ettermæle om dette dynamiske portrettet Bjørn Tvedt måla i 1969, skulle få eit gamalt, grånande andlet til motstykke. Då er det beste å føye bispeåra mine til på den vesle plaketten som alt står på dette maleriet. Og når det gjeld bispekross, så har eg alt i forvaring ein, der namna står inngraverte til Andreas Fleischer, Karl Marthinussen og Ragnvald Indrebø, og det vil vera ei ære for meg med tida å sjå mitt eige namn saman med desse. Det er difor eg sjølv som har bede om at det ikkje skulle investerast i korkje portrett eller bispekross no.

Vidare fekk eg frå medarbeidarar, dei kyrkjelege tilsette rundt i bispedømet, eit fint målarstykke av Domkyrkja i Bergen utført av kunstnarinna Lise Landmark. Med dei sterke kjensleband som knyter meg til denne kyrkja både frå domprosttida (1964—69) og no til sist frå bispeåra, var dette ei serleg kjær gáve, som eg òg takkar for av hjarta.

Det er med tryggleik og glede at eg no overlet bispestolen til etterfølgjaren min, Ole Danbolt Hagesæther, som eg har kjent gjennom mange år. Mellom anna var eg ein av dei som hadde gleden av å leggja hand på hovudet hans då han i si tid vart prestevigsla i Bergen Domkyrkje, og eg opplever difor på ein serleg måte det kyrkja frå gamalt har kalla ein «suksesjon»: ei rekkefølge, ein stafett av bodberarar som strekkjer seg frå generasjon gjennom alle dei kristentider.


Guds signing over tenesta til den nye biskopen — Guds signing over Bjørgvin bispedøme i tida som kjem!

Dykkar
Per Lønning

TE-FEST OG UTLODDNING

I BETANIA, LONE, LØRDAG 29. OKT. KL. 19.00

- * TALAR: LANDS-SEKRETÆR OLAV FLÅ
- * SANG: LOVSANGSGRUPPE I BETANIA
- * ALLSANG, ÅRESALG, KAKE-LOTTERI,
TREKNING AV HOVEDGEVINSTAR
- * BEVERTNING



HEILE FAMILIEN ER VELKOMMEN TIL EIN
HYGGEKVELD PÅ BEDEHUSET!

ARR: LONE MUHAMEDANERFORENING OG BETANIA UNGDOMSFORENING

Utdeling av kirkebok for 4-åringar i Arna kyrkje

Søndag 13 nov. er det utdeling av kirkebok til 4-åringene i Arna kyrkje. Det vil si, i år er det ikke Barnas kirkebok vi vil dele ut, men Bibelselskapets barnebibel «Bibelen for små og store». Dette er mulig for oss fordi vi har fått kjøpe denne barnebibelen til en tredjedel av vanlig utsalgspris av Vestlandske bokhandel.

Etter gudstjenesten vil det være kirkebrus i Kyrkjelydshuset med litt program for 4-åringene. I år vil vi også som i fjor følge opp med at 4-åringene og deres foreldre inviteres til 3 samvær i kyrkjelydshuset.

Datoen for disse samværene er tirsdag 15, 22 og 29 nov. Alle samværene vil vare fra 10

kl. 17.30 til kl. 19.00, og det vil være program for både barn og foreldre.

Så kryss av disse datoene i kalenderen allerede nå.

En særskilt invitasjon vil dere som er foreldre til 4-åringar få senere, men vi ønsker dere allerede nå hjertelig velkommen til gudstjenesten og samværene som følger.

Vennlig hilsen

Else Fjærestad
Kirsten Grøteide

Ruth Stephansen
Erik Rodal

Odd Kjos
Arna kyrkjelyds
dåpsopplæringsutvalg

NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



Døpte

Arna sokn:

- 28.08: Vegard Myking Isdahl, Ranvei Dahl.
04.09: Stine Fanebust, Kristian Pedersen Nilsson, Mads Sivertsen Akselberg, Daniel Bjørndal Almberg
11.09: Cesilie Engen Tveitevåg
18.09: Kjetil Svendheim, Adrian Nedre-tvedt.
01.10: Benjamin Hekland, Hilde Karoline Hekland
02.10: Jens Midttun, Even Corneliussen Juvik, Kristina Aasheim

Ytre Arna sokn:

- 04.09: Adrian Melbøe Nilsen
25.09: Elisabeth Gald Tveit
02.10: Martin Nundal, Kristine Heimvik Haugland



Vigde

Arna sokn:

- 13.08: Morten Tangen og Bente Karlsen. Vigde i Randsfjord kirke.
27.08: John Vik og Jorunn Skjoldal
10.09: John Roger Engesæt og Elin Meyer, vigde i Ytre Arna kyrkje.
10.09: Tom Clausen og Anne Marit Midttun
24.09: Svein Arne Garnes og Toril Moe
24.09: Haakon Lambert Gunby og Randi Søyland

† Døde

Arna sokn:

- 24.08: Hjalmar Kvam f. 1922
26.08: Alvhilda Heggertveit f. 1908
04.09: Brita Askeland f. 1906
10.09: Oskar Tunestveit f. 1927
18.09: Kåre Sørstrønen f. 1924
21.09: Nils Veseth f. 1917

12

Ytre Arna sokn:

- 05.09: Alfred Haga, f. 1905
08.09: Bertin Rolland, f. 1907
04.10: Magnus Rivenes, f. 1911

Ofringar:

Arna sokn:

- 28.08: Den norske sjømannsmisjon kr. 2778,-
04.09: Bildøy Bibelskole kr. 4785,-
11.09: Kyrkjelydsarbeidet kr. 3173,-
18.09: Diakoniinstitusjonane kr. 4161,-
25.09: NMS kr. 12579,-
02.10: Undervisningsutvaltet kr. 2481,-
09.10: NLA kr. 3032,-

Ytre Arna sokn:

- 28.08: Kyrkjelydshuset kr. 1235,-
04.09: Kyrkjelydsarbeidet kr. 1885,-
18.09: Korarbeidet i kyrkje kr. 1764,-
25.09: Norsk Lærarakademi kr. 1314,-
02.10: Kyrkjelydshuset kr. 1950,-
16.10: Den norske sjømannsmisjon kr. 1665,-

MØTER

Ytre Arna bedehus:

- 06.11: Nattverdsmøte
12.11: Bedehusbasar
17.11: Forbønsmøte
20.11: Song- og musikk møte
23.-
24.11: Møte v/Den indre sjømannsmisjon. Talar Jens Rongsvåg
01.12: Bibeltid v/Arvid Arne
04.12: Adventsamling
11.12: Misjonsmøte
15.12: Bønemøte

Haugland bedehus:

- 01.11: Bøne- og vitnemøte
13.11: Familiesamling v/Haugland S-klubb, Santalmisjonen kl. 17.00.
15.11: Møte v/Rune Ludvigsen.
20.11: Møte kl. 11.00.
29.11: Samtalemøte
11.12: Vi syng jula inn.

Kyrkjeskyss Haukeland/Unneland

30. okt. Sverre Myklebust tlf. 55 24 29 05
6. nov. Odmund Skjoldal tlf. 55 24 28 76
13. nov. Ingrid Hope tlf. 55 24 08 08
20. nov. Jens Hauge tlf. 55 24 01 43
27. nov. Nils Minde tlf. 55 24 01 54

Advent-fest!

Arna bedehus, fredag 9. des. kl. 19.00.

Av programmet nemner vi:
Tale v/stortingsrepresentant Are Næss.
Advents-tankar v/prost Kjell Nese.
Song av «Betaniakoret» frå Lone.
Skriftlesing og deklamasjon v/Elsa Minde.
Musikk v/Solveig Tesdal.
Servering av julebakst, kaffi m.m.
Alle er velkomen til ein hyggjeleg førjuls-kveld på bedehuset!

Arr: Arna Kristeleg Folkeparti's Kvinner

Kyrkjelydshuset i Ytre Arna

Loftet i kyrkjelydshuset har ikkje vore gjort noko med sidan vi overtok huset. Her held speidarane til og vi vil og nytta det ein del i konfirmantsamheng. For at det skal bli litt trivlegare vil vi no gjerne mala der oppe, og golvet må også gjerast noko med.

Vi har mist ei god leigeinntekt på huset, i og med at Bergen kommune har flytta Pleie og Omsorg si avdeling i Ytre Arna. Vi vil prøva å leiga ut igjen, men det er ikkje så lett i Ytre Arna med mange ledige lokaler.

Vi skal og til å leggja nytt teppe i kyrkja. I den situasjonen kommunen no er i, så er det svært vanskeleg med midlar. Vi må difor betala ca halvparten sjølv av det dette vil kosta.

Dei som bur i Ytre Arna vil finna ein postgiro i dette bladet, og vi er svært takk-same om nokon vil støtta oss i arbeidet vårt. Om nokon har lyst å vera med på dugnads-arbeidet på loftet, så hadde vi også blitt vel-dig glad for det. Ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret om dette.

BASAR

Indre Arna sjømannsmisj.forening har basar i Arna Bedehus, søndag 30/10 - kl. 17. Andakt v/reisesekretær Knut Rønnestad. Åresalg!
Kaffe.
Trekning på bøkene.

Hjertelig velkomen.

I.A. sj.f.

Biletstoff frå krigsåra

8. mai-95 er det 50 år sidan frigje- ringa. I ei så stor bygd som Arna og Ytre Arna må dette sjølv sagt marke- rast lokalt.

I regi av Arna kulturkontor er det etablert ei nemnd for å førebu dette jubiléet. Sjølv om 8. mai er på ein måndag vil hovudmarkeringa verta på denne dagen. Altså, merk dykk dagen.

Programopplegget må ein koma attende til, men ein ting må De hjel- pa til med. Nemnda vil prøva å få til ei utstilling med fotomontasje. Ein er ute etter biletstoff frå krigsåra. Alt som kan setjast i samband med den situasjonen ein hadde den gong har interesse. Ein er takksam om folk kan rote litt i gamle biletalbum, og om nemnda kunne få låne aktuelt biletstoff. Alt må merkast godt, og sendast til kulturkontoret i Arna, Ådnatun. Evt. kan det leverast på kyrkjekontora om ein går forbi. Bi- leta skal ein altså få att.

Ting som er laga av krigsfangar, evt. restar av kaffierstatning, eller heimavla tobakk og meir slikt er av interesse.

Ein vonar mange kan hjelpa til med å skapa ein allsidig og interes- sant utstilling.

KN

ARNA GRAVFERDSBYRÅ

Espeland



Kåre Bj. Hope

Tlf. 55 24 08 08 - Mobiltlf. 945 01504

Står til teneste med alt ved dødsfall

SAMDALS

BYRÅ
JONSVOLLSGATEN 1

90 19 80 hele døgnet

Kommer også hjem for samtale.

J. Teigland tlf. privat: 55 24 22 23



**KIRKENS
SOS**

Treng du nokon
å snakka med?

Ring 32 32 00
frå klokka 19 til 07
alle dagar

eller mellom klokka 10 og 14
måndag til fredag.

RUTH STEPHANSEN

SONETERAPEUT NFS
Soneterapi Øreakupunktur



Moldalia 28 B
5230 Espeland
Tlf: (55 24 00 83)

ARNA PRESTEGJELD

Arna kyrkjekontor, Borgstova, Indre Arna: Tlf. 55 24 04 00 og 55 24 02 15.

Kontortid: Tirsd., onsd., fred. kl. 10.00-12.00.

Torsdag kl. 17.30-19.00.

Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jebsensv. 39: Tlf. 55 24 85 46.

Kontortid: Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Kyrkjegardane i Arna: Tlf. 55 24 05 69. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-11.00.

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Soknaråda i Arna, Boks 11, 5260 Indre Arna

Redaktør: Audun Stølås

Bladpengar: Kr. 35,- Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgironr. 08.05 3104445

Trykt av Grafisk Forum A/S, Ytre Arna

Spesialforretning i blomster

Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.

Pynting av kirke,

konsert- og forsamlingslokaler.

Espeland Gartneri

5230 ESPELAND, TLF. 55 24 08 09
ARTHUR HOPE

Frøydís
SALONGEN

Garnesveien 41 - Indre Arna

Tlf.: 55 24 00 68

Stedet for moderne og
fagmessig hårdesign

Dame • Herre • Brudepynting

Fagkunnskap gir
trygghet



10% for pensjonister alle dager.



I MIN FORRETNING

finn De gåver til bryllup, kon-
firmasjon og barnedåp.

Kleveland A.S
Ur og Gullsmed

5260 Indre Arna - Telefon 55 24 04 96

**Din lokale
storbank
i Arna!**

KREDITKASSEN

Filial Arna - tlf. 55 24 05 20

BLOMSTER

til enhver anledning!
Ring vår blomstertlf.

55 24 25 95

a.s. Sarepta

5260 Indre Arna

Vi reparerer alle typer
husholdningsapparat.
Monterer TV-antennor,
også TV 2.

**Litangen
Husholdningsservice,
Garnes**

Telefon 55 24 02 87

Velkommen til kyrkje

- OKT. 30.** *Bots- og bededag — Luk 13, 23-30*
Arna kl. 11 Kap. Trygve Johansen. Takkoffer til kyrkjelydshuset. Anette Cecilie Bjørnenakk, blokkfløyter.
Ytre Arna kl. 11 Prost Kjell Nese. Takkoffer til Den norske Muhammedaner-misjonen.
- NOV. 06.** *Allehelgensdag/Helgemessesundag — Opb. 21, 1-7*
Arna kl. 11 Prost Kjell Nese. Minnedag. Nattverd. Kyrkjekaffi. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Arna Kyrkjekor og Arna Kammerkor.
Ytre Arna kl. 11 Kap. Trygve Johansen. Minnedag. Nattverd. Kyrkjekaffi. Takkoffer til Menighetsfakultetet.
Takvam kl. 16 Prost Kjell Nese. Minnedag. Kyrkjekaffi. Årsmøte i nemnda.
- NOV. 13.** *25. s.et.pinsse — Johs. 6, 37-40*
Arna kl. 11 Familiegudsteneste. Prost Kjell Nese. Dåp. Utdeling av Barnas kyrkjebok. Takkoffer til Dåpsopplæringa. Barnerøster.
Ytre Arna kl. 11 Leif Tore Michelsen. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydshuset.
- NOV. 20.** *Siste søndag i kyrkjeåret — Matt 25, 1-13*
Arna kl. 11 Kap. Trygve Johansen. Takkoffer til Den indre Sjømannsmisjonen. Nattverd.
Trengereid kl. 11 Prost Kjell Nese. Takkoffer til Lærarhøgskulen.
- NOV. 27.** *1. s. i advent — Matt 21, 1-9*
Arna kl. 11 Familiegudsteneste Prost Kjell Nese. Alle 1. klassingane er inviterte. Dåp. Barnekantoriet. Takkoffer til kyrkjelydshuset. Kyrkjekaffi.
Arna kl. 19 LJOSMESSE. Prost Kjell Nese og kateket Erik Rodal. Keryx.
Ytre Arna kl. 11 Familiegudsteneste. Kap. Trygve Johansen. Alle 1. klassingane er inviterte. Ytre Arna barne- og ungd.kor. Takkoffer til IKO. Kyrkjekaffe.
- DES. 01** **Trengereid kl. 18 LJOSMESSE.** Nese/Rodal. Skulen og konfirmantane.
- DES. 04** *2 s.i. advent — Luk. 12, 35-40*
Arna kl. 11 Prost Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til «Arken».
Ytre Arna kl. 19 LJOSMESSE. Kap. Trygve Johansen. Konfirmantane deltar. Takkoffer til konf.arbeidet.
Takvam kl. 11 Kap. Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydshuset.
- DES. 11** *3 s. i. advent — Matt. 11, 11-19*
Arna kl. 11 Prest Lyder Bergesen. Dåp. Takkoffer til Blå kors.
Ytre Arna kl. 11 Prost Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydshuset.